



Austevoll vgs.
Vestland fylkeskommune

Utviklingsplan 2020-2022



STØ KURS MOT NYE HORISONTAR

Innleiing

Austevoll vidaregåande skule skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære. Elevene skal oppleve å vere i kontinuerleg fagleg og sosial utvikling. Haldningar skal koplast til fagkunnskap og fagleg dugleik og skal prege opplæringa i alle fag. Me skal vere leiande i yrkesretta utdanning innan akvakultur, maritime fag og fiskerifag. Alle elevar, utan unntak og uansett forhistorie og framferd, skal møtast høfleg og med respekt.

Skulen skal vurdera seg sjølv kontinuerleg, og det er viktig at alle involverte partar skal bli høyrte og få komme med innspel på korleis skulen kan bli endå betre. Våre elevar skal gjennom samarbeidsavtaler med næringslivet i Austevoll og omegn, verte presentert for spanande og aktuelle arbeidsoppgåver. Austevoll vidaregåande skule skal kunne tilby utplassering ved verksemder direkte knytt til det marine- og maritime landskapet som skal verte arbeidsplass for våre elevar i framtida. Praktiske læringsarenaer er viktig for å ha høg grad av relevans og for å motivere til læring. Elevar frå Austevoll vidaregåande skule skal vere godt budde for yrkeslivet dei vil møte, og dette krev moderne utstyr, gode anlegg og god praktisk opplæring.

Eit aktivt læringsmiljø

Læringsmiljøet på Austevoll vidaregåande skule skal vere prega av gode relasjonar mellom elevar, mellom elevar og tilsette og tilsette seg i mellom. Lærarane skal vere tydelege leiingar og skal møte elevane med respekt og gode haldningar.

Læringsmiljøet vert sikra ved at tilsette:

- ✓ stiller tydelege krav til elevane og samtidig sikrar at dei opplever meistring
- ✓ viser elevane tillit og lar dei få stadig aukande påverknad over eiga læring, elevmedverknad
- ✓ skaper lærings situasjonar der elevane er aktive
- ✓ samarbeidar med føresette slik at elevane opplever forventning og støtte om læring
- ✓ legg til rette for at elevane vert kjende med eigne sterke og svake sider i ulike situasjonar som krev samarbeid

Maritim utdanningsinstitusjon

Austevoll vidaregåande skule er godkjent som maritim utdanningsinstitusjon av Sjøfartsdirektoratet, og er sertifisert av klasseselskapet DNV-GL og innehar sertifikatet; *DNV GL Standard for Certification of Maritime Training Providers No. DNV GL-ST-0029*.

Skulen vert regelmessig revidert av Sjøfartsdirektoratet og DNV-GL. Standarden som Austevoll vgs er sertifisert etter, DNVGL-ST-0029 plikter skulen å overvake, måle og analysere ulike prosesser for å sikre kontinuerleg forbetring av prosessane. Difor er det i utviklingsplanen for Austevoll vgs lagt vekt på at dei ulike måla er spesifikke, målbare, relevante og tidsavgrensa, slik at planen også er i tråd med kravet frå DNVGL-ST-0029.

Val av tiltaksområde; Planarbeid og gjennomføring av fagfornyninga, samarbeid med arbeidslivet og digital kompetanseheving

Austevoll vgs har valt 3 hovudfokusområder for perioden 2020-2022: Planarbeid og gjennomføring av fagfornyninga, samarbeid med næringslivet og digital kompetanseheving.

Med å ha fokus på dei tre tiltaksområda i utviklingsplanen, er målet til skulen at fullføringsgraden skal halde seg stabilt på om lag 95 % og at fråfallet skal halde seg under 1 %.

FAGFORNYINGA; PLANARBEID OG GJENNOMFØRING

I 2020 og 2021 vert fagfornyning innført i norsk skule. Dei tre hovudområda bærekraft, folkehelse og livsmeistring og medborgarskap og demokrati skal være ein del av alle fag. Nye fokusområde i planane er djupnelæring og tverrfagleg samarbeid.

Mål	Tiltak	Måloppnåing	Frist	Ansvarleg
Implementere fagfornyninga	Lærarar i same fag nyttar planleggingsdag før skulestart for å konkretisere læreplanmåla	Ferdig utarbeidd og kvalitetssikra framdriftsplanar	Vg1 sept. 2020 Vg2 sept. 2021	Avd.leiar
Samarbeid om framdriftsplanar for å sikre at dei er tverrfaglege	Klasselærarmøte i starten av kvart skuleår der læreplanmåla vert gjennomgått og at ein ser etter treffpunkt og drøfte kvar hovudområda og fokusområda kan kome inn i framdriftsplanen	Resultat frå elevundersøkinga skal vise auka grad av opplevd tverrfagleg samarbeid og fordjuping		
Tverrfagleg samarbeid og fordjuping i fag	Rapport etter utplasseringa i vg2. Få med flest mogleg fag i rapporten	Elevane skal oppleve auka yrkesrelevans i fellesfaga	Desember 2021 og desember 2022	Alle VG2-lærarar
	Planleggje og gjennomføre fagdagar med berekraft som hovudtema. Prosjekt "Reint hav". Fleire lærarar saman i fagdagundervisninga	Gjennomføre 2 fagdagar. Ein i kvar termin	Våren 2021 Våren 2022	Alle lærarar
	Fellesfaglærarar hospiterer om bord på båtane/praksisarena og yrkesfaglærarar bør hospitere i fellesfaga	Bli kjende med måla i dei ulike faga i yrkesfag- og fellesfaglærarar	2020-2022	Avd. leiarar Alle lærarar
Vurderingskriterier tilpassa nye læreplanmål og dele desse med kollegaer	Sette av tidsressursar til utarbeiding av vurderingskriterier	Få gode vurderingskriterier som er tilpassa sentrale og lokale mål i fagfornyninga	Våren 2021	Leiinga Alle lærarar

SAMARBEID MED ARBEIDSLIVET

Som yrkesfagskule for marin- og maritim utdanning, ligg Austevoll vgs midt i næringa som elevane våre skal arbeide i etter endt utdanning. Det er viktig for oss å ha eit tett og godt samarbeid med næringa, slik at elevane våre vert kjent med bedriftene dei skal søke lærlingplass hos og at me kan sikre ei relevant og moderne utdanning for elevane.

Mål	Tiltak	Måloppnåing	Frist	Ansvarleg
Utarbeide og inngå gode intensjonsavtaler med bedriftene for yrkesfagleg fordjuping (YFF)	Invitere utplasseringsbedrifter og representantar frå arbeidslivet på info-/drøftingsmøte og halde foredrag/undervisning for elevane	Betre samarbeid og kunnskap om arbeidslivet og utviklinga i næringane	Kontinuerleg og helst tidleg i skuleåret	Kontakt- og yrkesfaglærer
	Inngå nye intensjonsavtale med bedrifter innan dei ulike program-/fagområda (forslag 3 til 5 år?)	Inngå intensjonsavtaler med 10 samarbeidsbedrifter per utdanningsprogram	Min. 2 besøk i halvåret	Mai 2021
Kompetanseheving gjennom kurs og foredrag halden av representantar frå arbeidslivet	Årsplan for kvar klasse for bedriftsbesøk for å gje elevane utvida kunnskap om og kjennskap til arbeidslivet	Min. 1 besøk i halvåret	April 2021	Kontakt- og yrkesfaglærarar
	Lærlingar kjem og fortel om deira arbeidskvardag for å bidra til betre forståing og auka motivasjon hos elevane	Min. 2 besøk i halvåret	Januar 2021	Elevrådet, kontaktlærarar og Rådgjevar
Auka rekruttering	Bruke elevar aktivt i rekruttering på skulane	Auka søknad til skulen	Mars 2021 (Prog.inntak)	Rådgjevar/alle
	Lage rekrutteringsfilm som viser praksis/utplassering i alle klassane	Få fleire søkjarar og auke kompetansen til eigne elevar	Juni 2021	Faglærarar og elevar
	Plan for rekrutteringstokt med "Stø Kurs" (vitje oppdrettsanlegg og skulen)	Auka kunnskap om og kjennskap til skulen og Austevoll	Oktober 2020	Ass. rektor
	Plan/avtale med ungdomsskular for rekrutterings-/skulebesøk i heile Vestland	Auka kunnskap om og kjennskap til skulen og Austevoll	Oktober 2020	Rådgjevar

DIGITAL KOMPETANSEHEVING

Evne til å forstå, tilegne seg og kunne ta i bruk ulike digitale løysingar. Det digitale heng saman med fag, prosessar, samhandling, kvalitet og omstilling. Opplæring er viktig for vellukka digitalisering og for auka bruk av teknologi i undervisninga

Mål	Tiltak	Måloppnåing	Frist	Ansvarleg
Evne til å forstå, tileigne seg og ta i bruk ulike digitale løysingar	Kartlegge digital kompetanse hos tilsette Kurs av tilsette og elevar <ul style="list-style-type: none"> Intro. ved skulestart og nyttilsetjing Gjentakande kurs i verktøy som pp, Excel, Word, Teams, samskriving ref. kursplan 	Forme munnlege/skriftlege tekstar i O365 på eiga hand Lagre, kopiere, dele, organisere egne filer og mapper på eiga hand Ha kunnskap om og kjenne til reglar for kjeldebruk	Utgang av august Heile året	Alle tilsette
Digital skulestart	All informasjon mellom skule/elev/føresett/tilsett skal vere digital der det er formålstenleg	Sikre god informasjonsflyt i heile organisasjonen	Skulestart 2021 Heile året	Leiinga Alle tilsette
Auka bruk av digitale verktøy i undervisninga	Ta i bruk ulikt digitalt verktøy på alle undervisningsarena for å gje elevane relevant og framtidsretta undervisning	Heve den digitale kompetansen og sikre elevane ei moderne og framtidsretta opplæring	Heile året	Faglærar
Ha eit operativt IKT-team som arbeider for kontinuerleg kompetanseheving	Danne eit IKT-team på 4-5 personar	Ligge i forkant av den digitale utviklinga, og syte for at tilsette får tilstrekkeleg informasjon og opplæring		Leiargruppa eKoordinator ikt-konsulent